



09.06.2017

## Til klassekontaktane i klasse 8D

Viser til dykkar brev vedkomande lærarsituasjonen i klasse 8D, sendt 1. 6. 17. Rektor er samd med foreldra at det er synd at Silje Marøy Thommassen ikkje kan vere lærar på Knarvik ungdomsskule neste skuleår. Bakgrunnen til dette er at skulen har for mange tilsette i forhold til tildelingar av stillingar for skuleåret 2017/2018. Skulen får lærarar tilbake frå permisjon, samt at det neste skuleår ikkje er lærarar som skal ha utdanningspermisjon.

Kriteria som er brukt er omforente for kommunen og avklart i kommunen sine rutiner. Desse er i hovudsak :

- Kompetanse
- Ansiennetet
- Spesielle omsyn

Ut frå ei samla kartlegging av personalet var difor Silje ein av dei to lærarane ved skulen som må få ny arbeidsstad neste skuleår. Avgjerda om overflytting skjer ikkje på skulenivå, men vert utført av personalavdelinga på vegne av rådmannen.

Skulen gjer tiltak for at elevane skal få ein mest mogeleg stabil situasjon neste skuleår. Mona Vabø vil gå inn som kontaktlærar i lag med Hege Milde. Mona har matematikk og naturfag som sine fag. Mona vil vidareføre det gode arbeidet som Silje og Hege har gjort og arbeide aktivt for at klassen skal ha ei best mogeleg utvikling både fagleg og sosialt. Rektor sender ut informasjon i ranselpost til elevar og foreldra måndag om ny kontaktlærar.

Rektor håpar vi saman kan fortsetje det gode arbeidet saman med elevane, slik at kvar og ein utviklar seg ut frå egne føresetnader.

Helsing

  
Olaf Hella

rektor

